

Fylkeskommunen si uttale i samband tildeling av oppdrettsløyve i 2009.

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:

- 1 Fylkeskommunen vil ikkje å gje ei vurdering og prioritering av kvar einskild søkjar i høve til kriteria som er lista opp, men ynskjer å halde fram dei næringspolitiske vurderingane basert på Fylkesplanen 2005-2010. Fylkeskommunen ber Fiskeridirektoratet Region Vest å nytte følgjande kriterium under vurderinga av søkjarane.
- 2 Fylkeskommunen ynskjer at *lokalt eigarskap* vert prioritert høgt. Dette er med på å sikre lokalt eigarskap og lokal forankring, noko vi ser på som viktig for å bygge vidare på næringa her i fylket.
- 3 Det "å leggja til rette for auka bearbeiding for å sikre økonomisk integrasjon i kystdistrikta" er svært viktig for Sogn og Fjordane. Dette følgjer opp Fylkesplanen sin fokus på *innovasjon og nisjetenking*. Dess større grad av bearbeiding/vidareutvikling av nisjeprodukt som finn stad innan fylket sine grenser, dess høgare bør søkjaren rangerast i konkurransen om løyve. I denne samanhengen vil økologisk produsert laks vere å rekne for nisjeprodukt.
- 4 Fylkesplanen legg vekt på *utvikling i bærekraftig retning*. Såleis er det å fremme ein god struktur i næringa for å nedkjempe sjukdomen PD (i samsvar med forslag og tiltak i "Generalplan for bekjempelse av Pancreas Disease (PD) for havbruksnæringa på Vestlandet") eit viktig grunnlag for vidare økologisk og økonomisk bærekraft for havbruksnæringa i fylket. Omstilling til drift i minimum to smittehygieniske område krev eit minimum tal konsesjonar, noko som må leggjast vekt på ved rangeringa av søkjarane.
- 5 Etableringa av fleire nasjonale laksefjordar innan fylket sine grenser, gjer at ein innanfor mange geografiske område må satse på andre artar ann laks og aure. Det er viktig at den erfaringa som no er opparbeidd gjennom mange år her i fylket med t.d. oppdrett av torsk, der vi ligg langt framme nasjonalt/internasjonalt, ikkje går tapt i desse økonomiske nedgangstidene. Fylkeskommunen ber difor Fiskeridirektoratet om å vurdere aktørar som treng fleire bein å stå på ved innstilling av søkjarar til dei fem løyva.
- 6 Det er viktig at Fiskeridirektoratet region Vest, ved rangering av søkjarane, har ein god og tett dialog med det regionkontoret som skal tildele dei nasjonale økologiske løyva. Dette er viktig for å koordinere vurderingane.

Uprenta vedlegg:

- 1 Brev til fylkeskommunen frå Fiskeri- og kystdepartementet (datert 20.04.09)
"Vedrørende tildeling av nye tillatelse til havbruk med laks, ørret og regnbueørret"
m/forskrift og merknader til forskrift.
- 2 Oversendingsbrev frå Fiskeridirektoratet Region Vest (datert 07.05.09): Tildeling av
tillatelse til akvakultur av matfisk av laks, ørret og regnbueørret i 2009, forespørsel om
næringspolitiske vurderingar"
- 3 26 søknader med vedlegg (sjå Tabell 1 for liste).
- 4 1 søknad om økologisk løyve (Tabell 2).
- 5 Kart utarbeidet av Fiskeridirektoratet Region Vest der omsøkte/påtenkte lokalitetar er
teikna inn.

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

Med heimel i akvakulturlova av 17. juni 2005 nr. 79, samt forskrift knytt til denne, er det i 2009 lyst ut til saman 5 nye løyve i Sogn og Fjordane. I tillegg er det lyst ut 5 løyve på nasjonalt plan til økologisk oppdrett.

Gjennom forskrift om tildeling av løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn i 2009, heiter det i § 6 2. ledd: *"Fiskeridirektoratets regionkontor skal konsultere den aktuelle fylkeskommunen om næringspolitiske vurderingar i lys av fylkesplanen, medrekna kvar i fylket det er ønskjeleg med meir oppdrettsverksemd. Vurderingane til fylkeskommunen skal dokumenterast."*

I merknadane til forskrifta står det vidare å lese at fylkeskommunen kan anten prioritera søkjarane eller gje ei meir generell fråsegn. Grunna knapp tidsfrist (viser her til § 11 der det står at fråsegn frå fylkeskommunen *"skal vere Fiskeridirektoratet i hende seinast 6 – seks – veker etter at fylkeskommunen mottok søknadspapira."*) og ressursar til saksførebuinga, vel fylkesdirektøren å ikkje gå inn på av ei vurdering av kvar einskild søkjar.

Søknadane om ordinære oppdrettsløyve vart oversende frå Fiskeridirektoratet region Vest den 8. mai, og svar frå fylkeskommunen må liggje føre innan 19. juni d.å. Søknaden om økologisk løyve registrert hjå fylkeskommunen 29.05.09, og har såleis frist for innspel den 10. juli d.å.

Det er kome inn 26 søknadar om ordinært løyve og 1 søknad om økologisk drift i vårt fylke.

Fylkeskommunen vil gje næringspolitiske innspel til både økologisk og ordinært løyve i denne saka, då dei begge skal vurderast etter same sett kriterium.

Historikk - tidlegare vedtak

Det er Fiskeridirektoratet som ved dei siste tildelingane har stått ansvarleg for tildeling av løyve til laks, aure og regnbogeaure. Siste tildeling var i 2004. Tidvis har fylkeskommunen gjeve innspel i nokre av dei seinare tildelingsrundane: Ved tildelinga i 2002 skulle fylkeskommunen gje uttale om i kva kommune konsesjonen skulle ligge.

3. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Grunnlaget for vurdering av søkjarane:

a) Vurderingskriterium som følgjer av tildelingsforskrifta

I tildelingsforskrifta er det fastsett nokre kriterium søknadane skal vurderast og prioriterast etter. Desse er (§ 6 4. ledd):

- a) om søkjer er ein mindre aktør i næring
- b) om søkjar vil legge til rette for auka bearbeiding med sikte på økonomisk integrasjon i kystdistrikta i Noreg.

- c) Om nytt løyve vil bli nytta slik at selskapet står fram som meir beredyktig i nedkjempinga av PD (Pankreas disease)

Nærare om kriteria i følge merknadene til forskrifta:

Kriteria skal gå inn i ei samla vurdering og er dermed ikkje meint å vere kumulative eller uttømmande. Kriteria skal ikkje utelukke nokon frå å søke, men i kva grad kriteria blir oppfylte vil ha vekt i spørsmålet om søkjaren vil nå opp i konkurransen om løyva.

Med *mindre aktør* skal, etter merknadene til føreskrift, omfatte aktørar som har inntil 19 konsesjonar på matfisk til laks, aure eller regnbogeaure. Søkjarar som reknast som "mindre aktørar" skal i utgangspunktet konkurrere på like vilkår, men dersom valet står mellom søkjarar som elles blir vurderte som like, vil den minste aktøren oppfylle kravet best.

Uttrykket "*bearbeiding*" skal forståast vidt: både slakting, vidareforedling og anna bearbeiding. Bearbeiding som skjer utover slakting vil vege tyngre i ei vurdering enn berre slakting. Uttrykket omfattar både eksisterande og planlagd bearbeiding og det er ikkje krav til at søkjar sjølv eig verksemda som skal eller har planer om å bearbeide produkta. Planlagt bearbeiding må gjerast sannsynleg. Med "*kystdistrikt*" famnar ein (etter merknadene til forskrift) alle kystkommunane her i fylket, medan ikkje alle kommunar i t.d. Hordaland fell innfor dette omgrepet, og kriteriet skal, for søkjarar som viser til desse kommunane, ikkje leggast vekt på.

Det skal leggast vekt på at eit nytt løyve vil bli nytta slik at den samla drifta til selskapet vil vere meir bærekraftig i nedkjempinga av PD. Søkjarar som sjølv bind seg til å seie frå seg lokalitetar som hindrar eller gjer nedkjemping av PD vanskeleg, vil kunne prioriterast. Fiskeridirektoratet vil her konsultara Mattilsynet for dette kriteriet.

b) Vurderingskriterier som føl av fylkesplanen:

Fylkesplanen 2005-2010 har som overordna mål å oppretthalde folketal og busetnadsmønster, der ein legg særleg vekt på å *ta heile fylket i bruk, og nytte naturgrunnlaget på ein aktiv og bærekraftig måte*. Havbruk er ei viktig berejleke for næringsutvikling i fylket sine mange kommunar som grenser til sjø, og såleis er vidareutvikling av dette ressursgrunnlaget svært viktig for Sogn og Fjordane. Prinsippet om ei god, geografisk fordeling av løyva vil difor kunne nyttast som kriterium for å skilje søkjarar som elles stiller likt i konkurransen om løyve.

Fylket skil seg ut frå dei fleste andre fylke i Noreg ved at havbruksnæringa her ikkje er dominert av dei store eigargrupperingane/konserna, men er prega av små og mellomstore bedrifter med høg grad av lokal tilknytning og eigarskap. Fylkesdirektøren ser det som viktig at denne tildelingsrunden stør opp under den differensierte eigarstrukturen vi har og at *fylkesplanen si satsing på lokalt eigarskap* vert tungt vektlagt av Fiskeridirektoratet ved rangering av søkjarane.

Fylkesplanen ynskjer å fremme *innovasjon og nisjetenking*. Av dette bør bedrifter som kan godtgjere planar om utvikling av nisjeprodukt (t.d. mot turisme, vidareutvikling av nisjeprodukt, etc) prioriterast. Denne aktiviteten er og med på å legge til rette for fleire arbeidsplassar i lokalmiljøet, noko som er svært verdifullt for å oppretthalde busettinga i fylket. Sett i lys av folketalsnedgangen fylket no er inne i, er det viktig at verdiskapinga som finn stad gjennom vidare bearbeiding og utvikling av nisjeprodukt finn stad lokalt eller regionalt i fylket.

Fylkesplanen legg vekt på utvikling i bærekraftig retning. Såleis er det å fremme ein god struktur i næringa for å nedkjempe sjukdomen PD (i samsvar med forslag og tiltak i "Generalplan for bekjempelse av Pancreas Disease (PD) for havbruksnæringa på Vestlandet") eit viktig grunnlag for vidare økologisk og økonomisk bærekraft for havbruksnæringa i fylket. Omstilling til drift i minimum to smittehygieniske områder krev eit minimum tal konsesjonar, noko som må telje ved rangeringa av søkjarane.

For å utvikle eit robust næringsliv er det viktig med mangfald. Medan laksenæringa no er inne i gode, økonomiske tider, slit aktørar i havbruksnæringa som har satsa på andre artar. Sogn og Fjordane treng variasjon også innan havbruk, m.a. fordi etablering av fleire nasjonale laksefjordar innan fylket sine grenser gjer at ein innanfor mange geografiske område må satse på andre artar ann laks og aure. Det er viktig at opparbeida erfaring her i fylket med t.d. oppdrett av torsk ikkje går tapt i desse økonomiske nedgangstidene. Fylkesdirektøren ber difor Fiskeridirektoratet om å vurdere aktørar som treng fleire bein å stå på ved innstilling av søkjarar til dei fem løyva.

d) Om søknad for tildeling av økologisk løyve

Sogn og Fjordane har i dag ingen konsesjonar for økologisk oppdrett av laks, aure eller regnbogeaure. I eit fylke der havbruksnæringa står så sterkt, vil det ikkje vere unaturleg at nisjeproduktet som økologisk produserte varer er å finne og innan havbruksprodukt. Årsaka til at så få oppdrettarar har våga å satse økologisk har m.a. si årsak i auka produksjonskostnader og tekniske produksjonsutfordringar for den økologiske fisken. I utgangspunktet var det 2 søkjarar til økologiske løyve i vårt fylke, men ein vart avvist av Fiskeridirektoratet region Vest grunna formaliafeil ved søknaden.

Tildelinga av dei fem nasjonale økologiske løyva skal tildelast av Fiskeridirektoratet sitt regionkontor i Finnmark.

Oversyn over søkjarane

Tabell 1: Søkjarane som konkurrerer om dei 5 ordinære løyva i Sogn og Fjordane.

	Namn	Nytte nye lokalitetar?	kommune	tal kons. frå tidl.
1	Sulefisk AS	Ja, 4 stk	Solund	4
2	Karma havbruk AS	Ja, 4 stk	Flora	1 *)
3	Nordfjord Havbruk AS	Ja, 3 stk	Vågsøy/Selje	?
4	Firda Sjøfarmer AS	Nytte eksisterande lok.	Askvoll/Hyllestad/Gulen	12
5	Firda Sjøfarmer AS	Nytte eksisterande lok.	Askvoll/Hyllestad/Gulen	12
6	Firda Sjøfarmer AS	Nytte eksisterande lok.	Askvoll/Hyllestad/Gulen	12
7	Landøy Fiskeoppdrett AS	Ja, 4 stk	Askvoll	2
8	Steinvik Fiskefarm AS	Ja, 5 stk	Flora/Askvoll	6 + 1 visn.kons.
9	Steinvik Fiskefarm AS	Ja, 5 stk	Flora/Askvoll	6 +1 visn.kons.
10.	Coast Seafood AS	Ja, 1 stk	Vågsøy	0
11	Coast Seafood AS	Ja, 1 stk	Vågsøy	0
12	Svanøy Havbruk AS	Nytte 3 eks. lokalitetar	Florø	1
13	Bravo Seafood AS	Ja, 1 stk	Florø	0
14	Marine Harvest Norway AS	Ja, 2 stk	Selje	212 (35 i SF)

Saksbehandlar: Lena Merete Söderholm
 Avdeling: Regionalavdelinga

Sak nr.: 09/2785-29

15	Marine Harvest Norway AS	Ja, 1 stk	Solund	212 (35 i SF)
16	Marine Harvest Norway AS	Ja, 3 stk	Hyllestad	212 (35 i SF)
17	Marine Harvest Norway AS	Ja, 2 stk	Flora	212 (35 i SF)
18	Osland Havbruk AS	Ja, 4 stk	Høyanger	2
19	Bolstad Fjordbruk AS	Ja, 4 stk	Solund/Hyllestad	7 (3 i SF)
20	Sandnes Fiskeoppdrett AS	Ja, 4 stk	Fjaler/Askvoll	2
21	Flokenes Fiskerfarm AS	Ja, 3 stk	Askvoll	2
22	Bremar AS	Ja, 1 stk	Bremanger	0 (7 på torsk)
23	Eide Fjordbruk AS	Ja, 1 stk	Gulen	3 (Hordaland)
24	Eide Fjordbruk AS	Ja, 1 stk	Gulen	3 (Hordaland)
25	Hyen Laks AS	Ja, 3 stk	Gloppen	1
26	Nærøysund AS	Ja, 1 stk	Flora	0 (7 på torsk)

1 *) drivast i samdrift med Marø Havbruk (1 kons.) og E. Karstensen (1 kons.)

Tabell 2: Søklarane frå Sogn og Fjordane som konkurrerar om dei 5 økologiske løyva som skal delast ut frå nasjonal kvote.

	Namn	Nytte nye lokalitetar?	kommune	tal kons. frå tidl.
1	Nærøysund AS	Ja, 1 stk	Flora	0

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren ynskjer ikkje i denne saka å gje ei vurdering og prioritering av kvar einskild søklar i høve til kriteria som er lista opp. Dette vert gjort av Fiskeridirektoratet region Vest i samband med totalvurderinga av søklarane. Fylkeskommunen er ein av høyringsinstansane som skal gje innspel i høve tildelinga av dei fem løyva som skal delast ut i vårt fylke.

Fylkeskommunen finn det rett i denne samanhengen å halde fram dei næringspolitiske vurderingane basert på Fylkesplanen 2005-2010, og be Fiskeridirektoratet Region Vest å nytte følgjande kriterium under vurderinga av søklarane.

Fylkeskommunen ynskjer at *lokalt eigarskap* vert prioritert høgt. Dette er med på å sikre lokal forankring, noko vi ser på som viktig for å bygge vidare på næringa her i fylket.

Vi ynskjer i den samband å peike på at kriteriet (som er gjeve i tildelingsforskrifta) om "å leggja til rette for auka bearbeiding for å sikre økonomisk integrasjon i kystdistrikta" er svært viktig for Sogn og Fjordane. Dette følgjer opp Fylkesplanen sitt fokus på *innovasjon og nisjetenking*. Dess større grad av bearbeiding/vidareutvikling av nisjeprodukt som finn stad innan fylket sine grenser, dess høgare bør søkjaren rangerast i konkurransen om løyve. I denne samanhengen vil økologisk produsert laks vere å rekne for nisjeprodukt.

Fylkesplanen legg vekt på *utvikling i bærekraftig retning*. Såleis er det å fremme ein god struktur i næringa for å nedkjempe sjukdomen PD (i samsvar med forslag og tiltak i "Generalplan for bekjempelse av Pancreas Disease (PD) for havbruksnæringa på Vestlandet") eit viktig grunnlag for vidare økologisk og økonomisk bærekraft for havbruksnæringa i fylket. Omstilling til drift i minimum to smittehygieniske områder krev eit minimum tal konsesjonar, noko som må leggast vekt på ved rangeringa av søklarane.

Sogn og Fjordane ynskjer å oppretthalde og vidareutvikle variasjon (*fleire bein å stå på*) også innan havbruk, m.a. fordi etablering av fleire nasjonale laksefjordar innan fylket sine grenser gjer at ein innanfor mange geografiske område må satse på andre artar ann laks og aure. Det er viktig at den erfaringa som no er opparbeidd gjennom mange år her i fylket med t.d. oppdrett av torsk, der vi ligg langt framme nasjonalt/internasjonalt, ikkje går tapt i desse økonomiske nedgangstidene. Fylkeskommunen ber difor Fiskeridirektoratet om å vurdere aktørar som treng fleire bein å stå på ved innstilling av søkjarar til dei fem løyva.

Ein må og ta med i vurderinga at produksjon basert på berre ein konsesjon vanlegvis gjev større faste produksjonskostnadar i høve til større mengd fisk (fleire konsesjonar). Det er også grunngevinga fleire av dei minste oppdrettarane oppgjev når dei søker om nye løyve ved denne tildelingsrunden (ved sidan av argumentet om å etablere seg i fleire smittehygieniske fellesområde). Sidan det berre er søkt om eitt økologisk løyve, vil denne aktøren, etter sine eigne vurderingar, vere avhenging av tildeling av ein ordinær konsesjon i tillegg til den økologiske for å halde produksjonskostnadene på eit økonomisk bærekraftig nivå. Det er viktig at Fiskeridirektoratet region Vest ved rangering av søkjarane har ein god og tett dialog med det regionkontoret som skal tildele dei nasjonale, økologiske løyva. Det vil vere til hjelp for å koordinere vurderingane.